



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Fylkeshuset Leikanger
Møtedato	04.02.2016
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades: Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Wenche Røkenes, Magnus Strand, Bente Underthun

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Paal Fosdal

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti S. Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Assisterende fylkesrådmann var med i starten av møtet og informerte om fylkeskommunen:

- Budsjett, inntektssystemet, lokale inntekter og føresetnader
- Politisk system
- Politisk organisering
- Rollefordeling – nokre avklaringar
- «Viktige saker» og politiske saker
- Språkbruksplanen
- Dei politiske møta
- Fylkesrådet plukke ut saker som dei skal jobbe med i fireårs-perioden

Kort presentasjonsrunde av medlemmene i fylkesrådet.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1) SOR-konferansen i Bergen 2. – 3. mai

Tittelen på SOR-konferansen er «Nye tider! Effektivitet, kvalitet og gode løysningar når økonomiske rammevilkår endres».

Ved å reise på konferansen vil ein få auka innsikt og kompetanse kring fagområdet.

Konklusjon: Kven som reiser vert bestemt på møtet 16. mars

Meldesak 2) Kurs i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Fagforbundet region Vest held kurs i arbeidet til råd for menneske med nedsett funksjonsevne, på Skei 12. februar. Alle medlemmene i fylkesrådet deltek på kurset.

Meldesak 3) Temadag om telemedisin og velferdsteknologi

Helse Førde hadde temadag om telemedisin og velferdsteknologi den 13. januar i Førde. Oppsummering frå medlemmene i fylkesrådet som var tilstade på temadagen.

Det var ingen frå fylkesrådet som hadde høve til å møte på denne temadagen

Meldesak 4) Ymse

- Møtet den 16. mars vert på Skei. Saker og informasjon som er aktuelle til dette møtet er:
 - «Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur»
 - Arbeidsområde for fylkesrådet
 - Samarbeid med UPU? Sekretær for fylkesrådet sjekkar ut med sekretær for UPU om det er interesse for samarbeid/erfaringsutveksling
 - Kven reiser på SOR-konferansen? Frist for påmelding er 25. mars
 - Informasjon om universell utforming:
 - Inkludering
 - Barn og unge - barnehagar/skular
 - Inn mot kommunane
 - Rørslehemma
- Sekretær for fylkesrådet sender informasjon til SAFO og FFO om at medlemmane frå fylkesrådet kan kontaktast, om det er ynskje om informasjon frå fylkesrådet på årsmøter og liknande.
- Bente møter som representant for fylkesrådet på årsmøtet til NFU.

SAK 1/16 **Møtedatoar 2016 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Endringsframlegg:

Møtedatoen 13. april vert flytta til 16. mars

Møtedatoen 2. juni vert flytta til 6. juni

Møtedatoen 24. november vert flytta til 16. november

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Møtedatoane i 2016 for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er:

16. mars

06. juni

15. september

16. november

SAK 2/16 Skriv og meldingar 4. februar 2016 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonseven sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonseven sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

SAK 3/16 Oppgåvene til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og korleis fylkesrådet skal jobbe i perioden 2016 - 2019

Medlemmene hadde idemyldring om korleis fylkesrådet ynskjer å jobbe i perioden 2016 – 2019, kva som skal syne att av resultat og kva tiltak som må setjast i gang for å få synlege resultat.

Endringsframlegg:

Dette er ei stor og viktig sak, så saka vert diskutert vidare i møtet den 16. mars.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Dette er ei stor og viktig sak, så saka vert diskutert vidare i møtet den 16. mars.
